



Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Tilsyn 2016.077.I.FMMR ved Lilleeide avfallsdeponi i Vanylven kommune

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Magne Lundehaug

Terje Kolstad

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Anne Melbø

Gunhild Liva Austvoll

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten handlar om resultatet frå inspeksjon ved Vanylven kommune den 21.10.2016. Inspeksjonen gjaldt avslutning og etterdrift av Lilleeide avfallsdeponi. Inspeksjonen reknast som ein sluttinspeksjon for avslutningsfasen. Fylkesmannen bekreftar at krava for avslutning no er oppfylt, og deponiet reknast no å være i etterdriftsfasen. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får noko tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekka 1 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontroll for deponiet er mangelfull

Avvik og merknader er nærare omtala frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølging etter tilsynet er nærmare omtalt på side 2.

Anne Melbø

kontrollør

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Linda Aaram

miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg verksemd

Namn: Vanylven kommune	
Organisasjonsnr (undereining): 974004704	Eigd av (org.nr.): 883060482

Kontrollert anlegg

Namn: Lilleide avfallsdeponi	Anleggsnr.: 1511.0002.01
Kommune: Vanylven	Anleggsaktivitet: Deponi i etterdrift
Kontroll nr.: 2016.077.I.FMMR	Risikoklasse: 3
Krav til avslutning og etterdrift gitt: 31.12.2011	

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Hensikta med inspeksjonen var å kontrollere om krav fastsett i eller i høve til forureiningslova blir haldne. Tilsynet inngår som ein del av Fylkesmannen si planlagde tilsynsverksemd for året. Tilsynet er også ein sluttinspeksjon for deponiet i tråd med avfallsforskrifta § 9-15.

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å peike på då det har noko å seie for å ta vare på det ytre miljøet.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig å kjenne til for verksemda og saksbehandlarar. Her kan det også inngå kommentarar til tema som blei tatt opp under inspeksjonen, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda har plikt til å rette opp dei avviket som blei funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må verksemda innan **01.05.2017** sende oss ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta. Verksemda må innan same dato sende eit oss eit oppdatert overvåkingsprogram.

Kommunen må sende oppdatert søknad om kompostering av avløpsslam og hageavfall innan **31.12.2016** dersom det konkluderast med at kommunen skal halde fram med denne aktiviteten.

Vi ber om at de stiler svarbrevet eller e-post (fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer.

4. Vedtak om gebyr for verksemd utan løyve

Fylkesmannen varsla i e-post datert 16.08.2016 at Vanylven kommune vil bli pålagt eit gebyr på kr. 12 100 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 3. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassen.

Høve til å klage

De har rett til å klage på val av gebyrsats innan tre veker etter at denne rapporten er mottatt. Klagen skal vise endringa de ønsker. Klagen bør grunnegevast og skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere open for offentlegheita via postjournalen til Fylkesmannen til Møre og Romsdal (jf. offentleglova). I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no

6. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen for avslutning og etterdrift er mangelfull

Avvik frå:

- *Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5, 2. ledd pkt. 4 - 8.*
- *Krav til avslutning og etterdrift av avfallsdeponi etter forurensningsloven og avfallsforskriften for Lilleeide avfallsdeponi av 31.12.2011 punkt 2.2.*

Kommentarar:

Kommunen har ikkje etablert tilstrekkeleg internkontroll for deponiet. Internkontrollen skal sikre at kommunen kjenner til dei krav som gjeld for deponiet og at det er etablert rutinar for å sikre at regelverket blir følgt.

Kommunen manglar mellom anna rutinar som sikrar:

- tilstrekkeleg overvaking av toppdekke og sigevatn, overflatevatn og grunnvatn
- at overvaking er tilstrekkeleg til å avdekke eventuelle lekkasjar av sigevatn eller endringar i deponiets vasstilførsel
- vedlikehald av grøfter som drenerer bort vatn
- vedlikehald av oppsamlingssystem for sigevatn

7. Andre tilhøve

Kommunen har ikkje rekna at deponiet har kome i etterdriftsfase før etter denne inspeksjonen, som er rekna som ein avslutningsinspeksjon. Det er difor ein rekke krav til etterdriftsfasen som foreløpig ikkje er på plass. Kommunen må syte for at krava i punkt 5.4 i vårt vedtak av 31.12.2011 no vert følgt. Det er stilt krav til eit overvakingsprogram i tråd med avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077/2005, og det er stilt minimumskrav til prøvetakings- og analysefrekvens for deponiets etterdriftsfase i tabell 3 i *Krav til avslutning og etterdrift*. Desse krava vert ikkje følgt i dag. Kommunen må i samråd med konsulent gå gjennom og revidere overvakingsprogrammet for å best mogleg kunne overhalde krava. Det må og sjåast på dreneringa av vatn som ledast utanom deponert avfall. Slikt vatn skal ikkje blandast inn i sigevatnet før prøvetaking. Revidert overvakingsprogram må sendast oss innan **01.05.2017**.

Under sist tilsyn med det aktive deponiet for asbest vart det avdekt at kommunen driv med kompostering/deponering av avløpslam og hageavfall utan løyve etter forureiningslova. Kommunen har no søkt om å få løyve til å etablere eit komposteringsanlegg. Under tilsynet tok Fylkesmannen opp kva som eventuelt må til dersom kommunen skal få eit slikt løyve. Eit viktig høve er at kommunen må få til ein prosess som gir eit lovleg produkt og at det finnast omsetningsmoglegheit for produktet. Dette krev riktig kompetanse på området. En oppdatert søknad må sendast til Fylkesmannen innan **31.12.2016** dersom ikkje kommunen vel å levere avfallet vidare til eksterne godkjente mottak til neste år.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)* av 13. mars 1981
- *Forskrift om begrenning av forurensning (forurensningsforskriften)* av 1. juni 2004
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)* av 1. juni 2004
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)* av 6. desember 1996
- *Krav til avslutning og etterdrift av avfallsdeponi etter forurensningsloven og avfallsforskriften for Lilleide avfallsdeponi av 31.12.2011*